

## 2

Første gongen Elisabeth kom inn i leilegheita, merka ho at noko var gale. Det var eit eller anna som ikkje stemte. Ho fekk ei vemmeleg kjensle i heile kroppen og kjente noko kaldt som strauk henne over fingertuppane. Ho drog jakkeermene heilt ned over hendene og gjekk fort inn i stova. Ho såg på dei nylakkerte listene som blenkte i sollyset frå stovevindaugen. Sjølv om den låge haustsola fylte heile stova, var det iskaldt. Elisabeth kjente ein svak trekk som bles inn i munnen hennar. Det isa ned i halsen, og ho måtte puste inn to gonger før ho klarte å puste ut. Ho blei så tørr i halsen at ho måtte svelgje fleire gonger etter kvarandre, utan å ha noko å svelgje ned. Mor såg ikkje ut til å merke noko.

Elisabeth tok ikkje av seg ytterkleda, ho drog glidelåsen heilt opp og stengte seg inne i jakka. Mor gjekk ut på kjøkkenet, mens Elisabeth blei verande i stova. Det var då ho merka det. Ho hadde ikkje høyrt det i stad, men no kunne ho tydeleg høre ein svak lyd. Som vatn som koker i ein kjøle, eller nokon som sleper noko over golvet i etasjen over. Det var nesten umuleg å seie kvar lyden kom frå. Den flytta seg rundt etter kvart som Elisabeth høyрte etter på forskjellige stader. Plutseleg forsvann den, og alt ho høyрte, var mor ute på kjøkkenet.

Elisabeth tok hetta over hovudet og gjekk ut i gangen igjen. Ho kikka inn dørene på eine sida, eit soverom med dobbeltseng og eit lite vaskerom som lukta frykteleg innestengt. Ho opna den første døra på andre sida av gangen og kom inn i det som sikkert skulle vere hennar rom. Eit kaldt og kvitt rom med berre eitt vindauge, med utsikt over ein forfallen leikeplass og ein gul plen.

Då ho kom ut igjen i gangen, stod badedøra på vidt gap, og lyset over vasken var på. Ho kunne ikkje hugse at døra var open i stad. Ho gjekk litt nærare, og då fekk ho auge på noko på golvet som ikkje passa inn på dei skinande kvite flisene. Ein flekk som ikkje høyrt heime der.

Ho tok av seg hetta og myste mot flekken.

Fötene gjekk nokre musesteg nærare, sjølv om ho eigentleg hadde mest lyst til å springe ut igjen i stova.

Ho blei dratt nærare og nærare, som om nokon skubba henne bakfrå. Ho tenkte at ho burde springe inn til mor på kjøkkenet, men var for nysgjerrig til å snu seg vekk.

Det var avtrykket etter ei hand. Elisabeth kunne nesten ikkje tru det, men på golvet var det eit mørkebrunt, nesten svart avtrykk etter ei hand.

Det såg ut som om nokon hadde klamra seg fast i flisene og laga lange kloremerke bortover badegolvet. Lyden av fingernegler som skrapa langs golvet og knakk, sendte ei smerte gjennom fingrane til Elisabeth, og ein isande kulde rulla gjennom kroppen hennar. Ho drog hendene inntil kroppen og knytte dei. Smarta for-

svann like fort som den kom. Lyden også. Så endra far-  
gen seg frå brunsvart til mørkeraud. Ein stor flekk av  
blod voks og rann utover golvet, og etter kvart som  
flekken voks, forsvann handa. Elisabeth klarte ikkje å  
røre seg, ho følte seg som ein statue der ho stod.

– Mamma! skreik ho, mens ho heldt seg fast i dør-  
karmen. – Kom hit fort! Sjå på golvet!

Mor kom småspringande, og Elisabeth peika på  
blodet.

– Ikkje rop slik, sa mor. – Det er vel heilt unødven-  
dig.

– Men mamma! Kva er det som er på golvet?

Blodet rann mot dørstokken, og Elisabeth rygga bak-  
over.

– Kva meiner du? sa mor. – Det er ingenting på golvet.

Elisabeth såg opp på henne. Heile kroppen hennar  
skalv, det var så vidt ho klarte å stå på beina. Kva var det  
mor snakka om?

– Ser du ikkje alt blo..., sa Elisabeth mens ho vendte  
blikket mot golvet igjen. Ho fekk ikkje fullført setninga.  
Alt blodet var borte! Flisene var skinande reine, som den  
kvitaste marmor. Ikkje noko blod var å sjå, og inga hand.

Mor sukka tungt.

Var det berre ho som hadde sett det? Elisabeth var  
skjelven, ho måtte støtte seg til veggen med handa, og  
det slo henne at hennar eiga hand var om lag like stor  
som den ho hadde sett på golvet. Elisabeth knakk  
saman, beina klarte ikkje å bere henne lenger, og ho  
braut ut i gråt. Kva var det ho hadde sett? Var det syner?  
Hadde ho blitt sprøyte galen?

Elisabeth sat i senga og kikka ut vindauget. Ho hadde sove lenge. Mor hadde fått henne til sengs og breidd over henne. Akkurat som då ho var lita. Elisabeth var flau. No som ho hadde sove ei stund og fått det litt på avstand, innsåg ho at det måtte ha vore syner, sjølv om det verka heilt ekte då det hendte. Det kunne ikkje ha vore noko anna. Det hadde skjedd mykje den siste tida, og mor hadde snakka om korleis ein kunne få reaksjonar både veker og månader etter ei traumatiske oppleving. Elisabeth kjente at tårene kom.

Tenk på noko anna, sa ho til seg sjølv og tørka vekk tårene.

Ho kjente at ho snart måtte tilbake til badet. Ho hadde halde seg lenge allereie, men no måtte ho tisse. Ho fekk frysningar nedover armane og ryggen berre ho tenkte på badet, men hadde ikkje noko val. Det var kanskje like greitt å få det overstått.

Ho lukka ikkje døra heilt igjen, den stod på gløtt slik at ho hadde ein fluktveg, berre i tilfelle den blodige flekken skulle finne på å dukke opp igjen. Badet var iskaldt, sjølv om det var varmekablar i golvet. Innreiinga var heilt ny, bortsett frå ein gammal spegel som hang over vasken. Den var avlang i forma, med nydlege utskjeringar rundt heile ramma. Det var tydeleg at denne spegelen var mykje eldre enn sjølve huset. Den passa liksom ikkje heilt inn saman med det grå stålinteriøret. Elisabeth drog ned buksene og sette seg ned på do. Ho måtte visst ikkje så veldig tisse likevel. Ho blei sitjande og stire på seg sjølv i spegelen. Ho hadde Tommy sine mørkebrune auge, men det var det einaste

dei hadde hatt til felles. Ho hadde halvlangt, svart hår og bleik hud. Ho stira intenst på augene sine mens ho prøvde å presse ut nokre dråpar.

Plutseleg lukka døra seg med eit kraftig smell. Elisabeth hoppa til og begynte å tisse akkurat i det lyset gjekk. Rett før såg ho ein skugge bak seg i spegelen. I panikk hamra ho laus på døra mens det varme tisset rann nedover beina hennar. Ho skreik og hylte mens ho slo så hardt i døra at ho fekk vondt i hendene. Heile tida var det nokon som tok på henne. Nokon var borti håret hennar, lugga det ikkje, men kjærteikna det forsiktig. Nokon klappa henne på kinnet og strauk henne nedover ryggen. Sjølv om det var mørkt i rommet, såg ho for seg blodflekken på badegolvet igjen. Ho kjente noko varmt og vått under føtene og prøvde å trampe det vekk. Ho høyerte lyden av fingerneglene som knakk, og kjente lukta av tiss.

Elisabeth skreik høgare på mor, og plutseleg gjekk døra opp. Som om den aldri hadde vore låst. Elisabeth ramla ut i armane til mor og skalv av redsle. Badegolvet var klissvått av tiss.

– Kva er det som har hendt her inne? spurte mor.

Elisabeth hiksta. – Døra slo igjen mens eg sat på do, og eg fekk den ikkje opp igjen.

– Men den var jo låst frå innsida, sa mor.

Elisabeth sa ingenting, ho visste ikkje korleis ho skulle forklare det. Ho reiv seg laus frå armane til mor og sprang inn på rommet sitt. Der vrengete ho av seg dei våte kleda, reiv opp kofferten og tok på seg tørre klede.

Mor kom etter og plukka opp dei våte kleda frå gol-

vet. – Viss det er noko som plagar deg, kan du fortelje det ...

– Det plagar meg at døra går igjen av seg sjølv, og at lyset slår seg av! avbraut Elisabeth. – Heile denne leilegheita plagar meg! At det er kaldt her!

Mor sukka tungt igjen, noko som irriterte Elisabeth grenselaust. Mor gjekk ut i gangen og tok kleda inn på vaskerommet. Etterpå stilte ho seg i dørropninga og såg på Elisabeth.

– Viss dette er ein reaksjon på flyttinga, sa mor, – eller Tommy ...

Elisabeth smelte igjen døra rett framfor henne. Ho kunne høre at mor sukka nok ein gong før ho gjekk inn på badet og begynte å spyle golvet. Elisabeth fann fram mobiltelefonen. Ho måtte snakke med Gry og Silje og fortelje kva som hadde hendt. Flatt batteri! Typisk. Ho sette telefonen på lading og slo den på, men fekk ikkje kontakt med nettverket. Ho slengte mobilen på nattbordet og la seg ned i senga for å få varmen i seg, men den isande kulden sneik seg inn under dyna og fekk henne til å hutre same kor godt ho pakka seg inn.

Dette kan ikkje vere ein hallusinasjon eller noko som hjernen min finn på, tenkte Elisabeth. Det var nokon der inne saman med meg som fekk dette til å skje. Eg veit ikkje kven, eller kvifor, men eg er sikker på at det var nokon der. Døra kan vel ikkje smekke i lås heilt av seg sjølv? Eller kan det ha vore trekk som gjorde at døra gjekk igjen? Kanskje den ikkje var låst? Kanskje den berre er litt vanskeleg å få opp?

Tårene pressa på igjen, og ho tenkte på kva mor

måtte tru. Ho sat sikkert framfor peisen og *vurderte* henne som ein av pasientane sine. Ho kom sikkert til å ringe til ein eller annan psykolog for å få ei vurdering.

Elisabeth pleidde alltid å sove barbeint, sjølv på dei kaldaste vinterdagane, men ikkje i natt. Ikkje i dette huset. Her var det berre å behalde ullsokkane på og halde seg under dyna.

Ho prøvde telefonen igjen. No verka nettverket, men det var ingen meldingar frå verken Gry eller Silje. Elisabeth sendte ei melding til dei, men fekk ikkje noka stadfesting på at den var sendt. Då ho prøvde å sende igjen, slo telefonen seg berre av. – Flott, sukka ho lågt. – Akkurat det eg trong no.

Ho låg og irriterte seg over telefonen, men tankane på det som hadde hendt på badet, kom snikande igjen. Ho slo av leselampen og la hovudet på puta, men då ho lukka augene, såg ho skuggen frå badet igjen.

Figuren som hadde stått bak henne akkurat i det lyset gjekk av.

Ho slo opp augene og tente lyset.

Var det slik det skulle bli no?

At ho ikkje skulle få sove fordi skuggen alltid stod bak henne? Og korleis kunne eigentleg nokon stå bak henne når ho sat på do? Det kunne då umuleg vere plass til nokon der. Det var rett og slett for trontg. Skuggen måtte vere ein illusjon som kom av at ho stira så lenge på seg sjølv.

Elisabeth låg slik og bortforklarte det heile for seg sjølv i mange timer. Det var umuleg at nokon kunne ha

tatt på henne mens ho stod og banka i badedøra. Det var så usannsynleg at ho ikkje eingong ville tenkje på det lenger. Er det slik det begynner for folk som til slutt blir innlagde på psykiatrisk sjukehus? Med små synsbedrag som etter kvart overtar heile livet deira?

Det siste ho hugsa før ho til slutt sovna, var lukta av tiss.